

STYREPROTOKOLL

Torsdag **7. oktober 2021** heldt styret for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS styremøte. Møtet blei leia av styreleiar Siv Bente Stople Østbø.

MØTESTAD:	Tysvær Rådhus, kantina
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 16.00 – kl. 18.00
STYREMEDLEMMER SOM MØTTE:	Siv Bente Stople Østbø, Ernst Morgan Endresen og Astri Furumo
VARAMEDLEM SOM MØTTE:	Ingen
FORFALL:	Ingen
FRÅ SELSKAPET MØTTE:	Dagleg leiar Toril Hallsjø t.o.m. sak 20, kl.17.20 (ho deltok ikkje i sak 21/21)
INNKALLING:	Godkjent (utsending fyrste gong 14.09.21 til møtedato 21.09.21. I samråd med styreleiar blei møtet utsett til 07.10.21 med ny utsending i e-post 17.09.21).
SAKSLISTE:	Godkjent

Følgjande saker blei handsama:

SAK 17/21 – GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 07.04.21

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå styremøte i HKS IKS den 07.04.21 blir godkjent.

Styrehandsaming 07.10.21:

Styret hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak 07.10.21:

Protokoll frå styremøte i HKS IKS den 07.04.21 blir godkjent.

SAK 18/21 – REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 07.10.21

6. Protokoll frå representantskapsmøte i HKS IKS den 26.04.21.
7. Vedtak i Rogaland Kontrollutvalgssekretariat 08.06.21 om omdanning av § 27 selskap
8. Brønnøysundregistra 17.08.21 - Stadfesting på motteken årsrekneskap for 2020
9. FKT- medlemsinformasjon juni 2021
10. Medarbeidarsamtale 2021 mlm styreleiar og dagleg leiar 27.06.21 Unntatt Off. OFL§23
11. Om Websak og HKS IKS – e--post 02.07.21 og 05.07.21

Styrehandsaming 07.10.21:

Dagleg leiar orienterte og styret kommenterte.

Representantskapsmøtet i år var digitalt for andre gong i selskapet si historie. Det er no etter lovendring opna for denne møteforma, også utanom pandemitider. Styreleiar meinte selskapet skulle vere opne for nye møteformar, men også følgje med på praksis til andre kommunale selskap, til dømes fysisk og/eller digitalt for dei med lang reiseveg. Endresen meinte fysiske møte var best, då dei skapte meir dynamikk. Styret var samd i at det var viktig, i tillegg til ofte kurrant saksliste, å by på eit tema i tillegg.

Styreleiar refererte frå medarbeidarsamtala. Styret slutta seg til styreleiar sitt framlegg om å sjå på prosessen rundt rekruttering av ny dagleg leiar på nyåret. Styreleiar var positiv til bruk av rekrutteringsfirma, og at det blei nytta midlar frå fond til dette og til overlapping/opp-læring.

Styret ønskte overslag over kostnader med innføring/kjøp av elektronisk sak/arkivsystem for dokumenthandtering før dette blir tatt opp som sak. Dagleg leiar opplyste at lova krev at sekretariatet er åtskild frå kommunane sine system, og at andre sekretariat i hovudsak anten nyttar Public 360 eller Websak ACOS.

Samrøystes vedtak 07.10.21:

Styret tar referatsakene 6 - 11 til orientering.

Styret i HKS IKS ønskjer å starte prosessen med rekruttering av ny dagleg leiar på nyåret 2022 som følge av at noverande har munnleg varsla at ho ønsker å gå av med pensjon ved årsskiftet 2022/23.

Styret i HKS IKS ber dagleg leiar undersøke prisar når det gjeld innkjøp av elektronisk sak/arkivsystem.

SAK 19/21 – STATUSOVERSIKT PR SEPTEMBER 2021**Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:**

Statusoversikt pr. september 2021 blir tatt til orientering.

Styrehandsaming 07.10.21:

Dagleg leiar informerte om arbeidssituasjonen som på sakslista. Styret støtta framlegget. Eller ingen merknader til forbruk.

Samrøystes vedtak 07.10.21:

Statusoversikt pr. september 2021 blir tatt til orientering.

SAK 20/21 – REKNESKAPSRAPPORT PR 31.08.21

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret tar regnskapsrapport pr 31.08.21 for HKS IKS til orientering.

Styrehandsaming 07.10.21:

Styreleiar hadde kommentarar til postane for styregodtgjersle og pensjonsforsikring. Dagleg leiar meinte dette skyldast anna periodisering enn i fjor. Ho meinte at godtgjersle ikkje var blitt utbetalt og skulle sende melding om det til rekneskapsfører.

Elles så det greitt ut, med klårt lågare reisekostnader enn tidlegare år. Styret hadde elles inga merknader eller tillegg.

Samrøystes vedtak 07.10.21:

Styret tar regnskapsrapport pr 31.08.21 for HKS IKS til orientering.

SAK 21/20 – LØNNSFORHANDLINGAR 2021

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret gjer styreleiar og eit styremedlem fullmakt til å forhandle om ny løn til rådgjevar og å fastsette ny løn for dagleg leiar, gjeldande frå 01.05.21 i eige forhandlingsmøte.

Forhandlingane må vere avslutta innan november og dato for forhandlingsmøtet vert tilpassa styreleiar og arbeidstakar sin forhandlar.

Styrehandsaming 07.10.21:

Krava (unntatt off. – OFL § 23.1) var sendt ut til styret ei veke før møtet.

Dagleg leiar opplyste at rådgjevar ville, som i fjor forhandla sjølv, utan forhandlar. Ho opplyste om snittresultata for forhandlingane i Tysvær kommune for leiargruppa og i kap. 5.

Dagleg leiar gjekk så frå møtet under handsaming av saka.

Styret drøfta saka.

Dagleg leiar avtalte i etterkant med styreleiar dato for forhandlingsmøtet.

Samrøystes vedtak 07.10.21:

Styret gjer styreleiar og eit styremedlem fullmakt til å forhandle om ny løn til rådgjevar og å fastsette ny løn for dagleg leiar, gjeldande frå 01.05.21 i eige forhandlingsmøte.

Forhandlingane må vere avslutta innan november og dato for forhandlingsmøtet vert tilpassa styreleiar og arbeidstakar (avtalt til 26.10.21 kl. 13.30 med atterhald).

YMSE

Ingen saker var meldt i forkant eller blei tatt opp.

Dato for neste styremøte er sett til **tysdag 7. desember.**

Møtet vert lagt til Aksdal eller Haugesund og det vil blir etterkant av møtet bli invitert til julemiddag for styret og tilsette.

Aksdal, 7. oktober 2021

Siv Bente Stople Østbø (sign.)
Styreleiar

Toril Hallsjø (sign.)
Dagleg leiar